



Innsamling av personopplysingar (GDPR)

Kvifor spør vi om di godkjenning?

Vi er forplikta til å ta i vare dei personopplysingane du gjev oss i dette skjemaet. (Namn og telefonnummer.) Her vil vi kort fortelja deg kva vi gjer med data om deg og kor lenge dei vert lagra, slik at du er klar over dette før du gjev oss dine opplysingar.

Behandlingsansvarleg

Havforskningsinstituttet

Postboks 1870

Nordnes 5817 Bergen

Tlf: 55 23 85 00

E-post: post@hi.no

Formålet med å samla inn personopplysingar

Vi samlar inn dine personopplysingar i samband med observasjonar av pir/ungmakrell for å kunne bruka dette i vår forskning.

Kven får innsyn i dine personopplysingar?

Forskarar og andre som jobbar med dette prosjektet.

Kor lenge vil personopplysingane lagrast?

Personopplysingane vert lagra fram til prosjektet er avslutta. Etter dette vil alle personopplysingar verta anonymisert, og berre rekneskapsdata som vi er pålagt å ha arkivert i 10 år, vert lagra med moglegheit for oppslag.

Rettar

Alle som spør, har, etter personopplysningslovens § 18, 1. ledd, rett på grunnleggjande informasjon om korleis ein handsamar personopplysingar i verksemda.

Ungmakrellprosjektet har gjeve slik informasjon i denne fråsegna, og vil vise til denne ved eventuelle førespurnadar. Dei som er registrert i eit av Havforskningsinstituttet sine system har rett på innsyn i eigne opplysingar. Vedkommande har òg rett til å be om at uriktige, ufullstendige eller opplysingar prosjektet ikkje har høve til å handsama blir retta, sletta eller supplert. Krav frå den registrerte skal svarast på kostnadsfritt og seinast innan 30 dagar.